



## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 26.04.2023

**Møtestad:** Formannskapsrommet

**Møtetid:** 16:30 - 19:30

Tonje Husum Aarland og Kjetil Eikefet deltek for å orientere om arbeid med plan for oppvekst

| Frammøtte medlemmer   | Parti | Rolle       | Merknad |
|-----------------------|-------|-------------|---------|
| Oliver Trohaug Våge   |       | Utvalsleiar |         |
| Pernille Trohaug Våge |       | Nestleiar   |         |
| Olai Nygard Nese      |       | Medlem      |         |
| Magnus Hrafn Jakobsen |       | Medlem      |         |
| Agnes Midtun          |       | Medlem      |         |
| Ingeborg Romarheim    |       | Medlem      |         |

| Frammøtte varamedlemmer: | Parti | Rolle      | Merknad |
|--------------------------|-------|------------|---------|
| Joakim Brügger           |       | Varamedlem |         |

## **Sakliste**

| <b>Saknr</b> | <b>Tittel</b>   |
|--------------|---|
| 006/2023     | Godkjenning av innkalling og saksliste                  |
| 007/2023     | Godkjenning av møteprotokoll                            |
| 008/2023     | Orienteringssaker                                       |
| 009/2023     | Val av to representantar til Nasjonal ungdomskonferanse |
| 010/2023     | Drøftingssak  |

**Notat frå møtet:**

006/2023: Godkjenning av innkalling og saksliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjend.

---

007/2023: Godkjenning av møteprotokoll

Behandling:

Vedtak:

Møteprotokoll vart godkjend slik den ligg føre.

---

Behandling:

**Informasjon frå assisterande rådmann og ordførar om arbeid med plan for oppvekst og førebyggande tiltak:**

Tonje informerte om bakgrunn for arbeid med ny plan og kven som sitt i arbeidsgruppa. Målet med planen er å sikre ein god oppvekst for alle born og unge i kommunen og ha fokus på samarbeid mellom ulike einingar i kommunen.

Refleksjonsoppgåver - Her er ei oversikt over ungdomsrådet sine innspeil:

- Kva er ein god oppvekst? Moro, trygt, sosial oppvekst, god familie, framtidstilbod, fritidsaktiviteter, god familie og gode vene, inkluderande, gode helsetilbod, rettighete, arrangement, skuletilpassing, **trygge omgivelser både fysisk og psykisk**, god samfunnsstruktur (fortau, vegar osv), moglegheit til å utvikle dei kreative evnene sine, ha nokon du kan stole på/snakke med, bli høyrte, **like moglegheiter**.
- Kva treng me fokusere meir på i Modalen? Fritidstilbod, sosiale tiltak, fritidsarrangement, inkludere barn og unge, snakke med ungdommen om kva dei ynskjer, kollektivtilbod/transport, tryggheit- støttande vene/vaksne, måten å møte born og unge på; møte dei med eit opent sinn.
- Kva skal Modalen vere best på i framtida? Gode opplevingar td. reiser, LAN-party osv., individuell tilpasning knytt til læring, lærarar som ser og tilrettelegger, avslappande miljø, inkluderande og like moglegheiter for alle. Dette er element me er gode på, men vil bli best på.

**Leiar i ungdomsrådet tar opp saker:**

Spontane saker

Ynskje om å kunne ta opp spontane saker på møter som opptar ungdomsrådet. Dette er det fullt mogleg å gjøre under orienteringssaker. Her kan leiar høyre om nokon har noko på hjarta. Er det større saker, så er det fint om det blir meldt inn på førehand, slik at det kan setjast av tid.

Møtegodtgjerdse

I første ungdomsrådsmøte i november blei det nemnd møtegodtgjerdse for å møte i ungdomsrådet. Dette er ikkje tredd i kraft endå. Møtesekretær tar det opp i administrasjonen og gjev ungdomsrådet ei tilbakemelding.

Vidaregåande elevar

Utfordring knytt til å nå tak i elevane på vidaregåande for å høyre deira stemme i saker som angår ungdomsgruppa. Td. i utforming av ungdomslokale var det stort sett ungdomsskulen som fekk medverke og bidra, men vidaregåande elevane ikkje var klar over arbeidet.

Det blei ei drøftingsrunde på korleis me skal klare å nå vidaregåande elevane.

Treningsrom i Bryggjeslottet

Aldersgrense på treningsrommet i Bryggjeslottet er idag 18 år. Ungdommane ynskjer at den blir senka slik at dei kan bruke rommet frå 14, 15 eller 16 års alder. Dei kom med forslag til ordning der ein må vere minst to saman når dei går å trener av sikkerheitsmessige årsaker. Møtesekretær tar saka viare til administrasjonen.

### Ungdomslokale

Fungerar fint slik det er lagt opp no. Det er kome fleire playstationkontrollar, så det er no mogleg å spele fleirspelar. Ønsker å kjøpe inn fleire spel. Det blir laga ei prioritert ynskjeliste. Det er noko forbetrinspotensiale er ser etter litt bruk:

- Airhockeybord: Litt for lett puck då den flyg av bordet. Siren sjekker om me kan få tak i tyngre puck. Poengtellar går på batteri og dekselet må skrus opp. Siren sjekker.
- Dart spill: Dårleg kvalitet og pilane blir lett øydelagd. Siren tar kontakt med leverandør om mogleg reklamasjon.

### **Namnekonkurranse**

Ungdomsrådet ynskjer å arrangere ein namnekonkurranse for det nye ungdomslokalet. Siren lagar ein plakat med informasjon om deltaking i konkurransen. Plakaten blir hengt opp i bygda, delt på kommunen sine sider og på Facebooksida. Ungdomsrådet deler via sine sosiale medier for å nå ut til flest mogleg i aldersgruppa. Aldersgruppa som kan delta er 8. trinn - elevar på VG3. Premien blir eit gavekort på Horisont. Svarfrist vil bli torsdag 25 mai. Ungdomsrådet er jury og vil kåre ein vinnar i ungdomsrådsmøte 1. juni.

### **Informasjon frå konsulent for kultur og fritid:**

Konsulent for kultur og fritid har nominert Modalen kommune til "Årets ungdomskommune 2023".

Ho viser til kriterier for å kunne vinne konkurransen og las gjennom utkast til nominasjon.

Ungdomsrådet kom med innspel til tilføyinger og endringar.

---

### Vedtak:

Sakene er tatt til orientering.

---

### 009/2023: Val av to representantar til Nasjonal ungdomskonferanse

#### Behandling:

Leiar gjekk gjennom kva Nasjonal Ungdomskonferanse 27.-29. august 2023 er.

#### Vedtak:

Ungdomsrådet vel Oliver Trohaug Våge og Pernille Trohaug Våge som representantar frå Modalen kommune til å delta på Nasjonal ungdomskonferanse.

---

## 010/2023: Drøftingssak

### Behandling:

#### **Grilling i Moloen – ansvar i forkant**

Leiar gjekk gjennom ulike gjeremål som må gjerast i forkant av Modalsdagane. Ungdomsrådet vil å fokus på reklamering for arrangementet og prøve å få flest mogleg til å komme. Me starta med å fordele ansvar:

| Gjeremål  | Ansvar              | Fullførast innan                    | Ferdig |
|---|---------------------|-------------------------------------|--------|
| Lage Snapchatgruppe som kan fungere som informasjonskanal <ul style="list-style-type: none"> <li>· Legge til alle frå 8. trinn – VG3.</li> <li>· Enkeltpersoner kan invitere med venner.</li> <li>· Inviter ungdommar frå Eidsland og Eksingedalen.</li> </ul> Gruppa skal berre brukast til informasjon. | Oliver              | 8. juni                             |        |
| Lage plakat og henge opp<br>Butikken på Mo, utafor ungdomslokalet,<br>butikken på Øvre-Helland, Eidsland,<br>Eksingedalen.  | Agnes               | 8. juni                             |        |
| Lage speleliste Spotify + hente høgtalar<br>Open speleliste der fleire kan legge inn forslag via link.  | Joakim              | Fredag                              |        |
| Lage handleliste me kan levere til Roger<br>-Grillkol, tennveske, grillmat, pappfat, koppar, bestikk, brus og farris, chips, snacks.  | Olai                | 15. juni                            |        |
| Leige kanoar  | Siren               | OK – leigd 4 kanoar<br>16.00-22.00. |        |
| Ordne vakthold (2 stk. foreldre)  | Siren               |                                     | OK     |
| Setje opp telt, bord, stolar, Frisbee golf, volleyballnett ol.  | Teknisk             | Torsdag/fredag                      |        |
| Lage quiz + fasit<br>Skrive ut og lage klart pennar og diverse  | Pernille lagar quiz | 22. juni                            |        |
| Handle inn premiar  |                     | 22. juni                            |        |
| Ta med kortstokkar (til evt. Mafia)   |                     | Fredag                              |        |
| Pynte og lage til i Moloen  | Ungdomsrådet        | Fredag kl. 16.30                    |        |

### Vedtak:

Drøftingssak er tatt til orientering.

---